



Helgesen Tekniske Bygg AS  
Valestrand  
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/134 - 19/6629

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
27.02.2019

## Mellombels bruksløyve for utleigedel i akse 6-12 i plan 1 og altan - gbnr 137/807 Alver

**Administrativt vedtak. Saknr: 125/19**

**Tiltakshavar:** Galteråsen 7c AS  
**Ansvarleg søkjar:** Helgesen Tekniske Bygg AS  
**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og rammeløyve gitt i vedtak datert 23.03.2019, igangsetjingsløyve gitt i vedtak datert 18.04.2018 og 23.05.2018, og løyve til endring av godkjend tiltak gitt i vedtak datert 29.10.2018.

Mellombels bruksløyve gjeld utleigedel i plan 1 i akse 6-12 og altan i plan 2.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.10.2019.

Det vert elles vist til søknad journalført mottatt 07.02.2019 med tilleggsdokumentasjon journalført mottatt 27.02.2019.

### VURDERING

Kommunen legg mottatt dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

### Skildring



Adresse:	
Bygningstiltak:	Kontor/lagerbygg
Bygningsnummer:	300 678 477
Bruksareal:	1 900 m <sup>2</sup>
Avløp:	Offentleg
Vatn:	Offentleg

## VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for utleigedel i akse 6-12 i plan 1 og altan i plan 2 på gbnr 137/807 i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: utleigedel i akse 6-12 i plan 1 og altan i plan 2.
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 01.10.2019.

### Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Galteråsen 7c AS  
Galteråsen 7c AS  
Helgesen Tekniske Bygg AS

Galteråsen 4 5916  
Galteråsen 4 5916  
Valestrand 5281

ISDALSTØ  
ISDALSTØ  
VALESTRANDSFOSEN

**Mottakarar:**

Helgesen Tekniske Bygg AS

Valestrand 5281

VALESTRANDSFOSEN